

Landet i eventyre

dramatisert av Otto Homlung
etter *I eventyre* av Olav Duun



Olav Duun

Olav Duun vart fødd på Jøa i Namdalen. Etter fleire år som fiskar tok han lærarutdanning i Levanger, og flytta i 1908 til Holmestrand saman med kona Emma. Der blei dei fram til han døydde i 1939. Duun har ein stor produksjon, både i omfang og kvalitet. Han har i alt gitt ut 31 bøker – to barnebøker under namnet Ole Raaby i 1912 og 1913, og elles romanar og novellesamlingar. I 1907 debuterte han med novellesamlinga *Løglege skruvar og anna folk*. Den kom ut same året som Sigrid Undset, Johan Falkberget og Herman Wildenvey debuterte. I mellomkrigstida vart Olav Duun to år på rad nominert som kandidat til nobelprisen i litteratur (i 1925 og 1926). Han fekk den ikkje, og mange meiner hovudårsaka til det kan være at han skreiv nynorsk, iblanda dialekt. Dei mest kjente verka hans er romansyklusane *Juvikfolke* (seks bind, 1918-1923) og *Medmenneske* (tre bind, 1929-1933) og siste verket, *Menneske og maktene* (1938).

Olav Duuns bøker gjev opplevingar, kunnskap og forståing. Meir enn seksti år etter at siste boka kom ut og diktaren gjekk bort, er bøkene hans aktuelle og levande i alle tydingar av ordet. Som riksmålsmannen Arnulf Øverland sa det:

Slik som vort land skapte os, slik som arbeidet med jorden og kampen mot vinteren og havet bestemte vore instinkter og formet vor karakter, slik møter vi vore fædre i Olav Duuns bøker.

Landet i eventyre

Gutungen Odin er etterkommar av juvikingane, ei slekt som går mange hundre år tilbake i tida. Vi møter han i 1880-åra, ein skinande sommarkveld når han vandrar saman med mor si Elen til Kjelvika i Landet i eventyre der han skal bu. Den nye mannen til mora, Iver, vil ikkje han skal bu hos dei, og derfor må Odin bort til framande. Han skal bu hos Bendek og Gurianna som skjønar korleis dei skal ta seg av ein gutunge som Odin. Han opplever heile eventyret i naturen så sterkt at han ikkje kan bli med når far hans, Otte, kjem frå Amerika og vil at Odin skal bu hos han.

Odin lever i ein fantasileik mellom draum og røyndom og blir redd dersom han merkar at folk trur på det han fortel. Med Odin har Duun skildra eit barnesinn som ber det gode med seg, og har styrke og kraft til å møte alle farar og vondskap i verda med eit ope sinn. Vi følgjer Odin i forteljarteatret si form gjennom dei viktigaste hendingane i barndomsåra heilt til fosterfaren Bendik dør. Gjennom forteljinga om Odin viser Duun oss kva barndommen har å seia for eit menneske, og når den er slutt har Odin fått med seg den rikdommen frå landet i eventyre som trengst når ein skal gå ut i livet og møte det som eit heilt menneske.

Barnet som oppdaga verda

Den fjerde boka i Olav Duuns hovudverk *Juvikfolke – I eventyre*, er ei av dei rikaste barndomsskildringane i norsk litteratur. Boka er opptakten til siste del av romanverket i dei to siste bøkene: *I ungdomen* og *I stormen* - saman skildrar dei livet til Odin – frå han som liten gut kjem til Kjelvika og heilt til han døyr i kampen på båtvraket med motmannen sin Lauris – der han oppgir seg sjølv i kampen mellom det gode og det vonde, og let medmennesket Lauris leva vidare.

Medan dei første tre bøkene går gjennom fleire generasjonar med juvikingar – og er samanlikna med det gamle testamentet - er siste delen om livet til Odin som eit bilete på det nye testamentet: der tømmermannens son tek på seg den børa det er å leva eit liv i sanning og truskar mot seg sjølv. Med *Landet i eventyre* vil vi med forteljarteatrets verkemiddel syne korleis eit menneske blir forma til noko stort. Vi let det rike språket til Olav Duun vera i sentrum og avgrensar oss til dei personane som er med på å forme dei viktigaste åra i Odins liv. Vi vonar at framsyninga vil gi lyst til å gå til diktaren sjølv, og lese bøkene hans for å bli betre kjent med ein gut som tek ansvar for seg sjølv og alle omkring seg.

Vi har alle noko å lære av Odins kamp for å kunne leva våre liv – eg vonar at denne framsyninga vil gi ein inngang til det all stor litteratur handlar om: det kjempande menneske som leitar etter ei meining med det livet vi lever her på jorda.

Otto Homlung





Landet i

dramatisert av Otto Homlung

Regi

Scenografi/Kostymer

Lysbilette

Musikk

Bendek

Gurianna

Elen

Otte

Odin

Karen-Anna

Produksjonsleiar/turneieiar

Inspisient

Rekvisitør/sminkør

Sufflør

Søm

Teknisk leiar/lys

Teknikar/lyd

Masker

Scenografibygging

Programredaktør


eventyre

etter *I eventyre* av Olav Duun

Otto Homlung
Christian Egemar
Christian Egemar,
Steinar Johansen
Henning Sommerro

Andreas Gjermstad
Ragnhild Vannebo
Anitra Terese Eriksen
Tore Berntzen Granås
Espen Søreng/Tore Roksvåg
Trine Walberg Vingsnes/
Maja Kirkholt Myhre

Gudmund Staberg
Bjørn Asle Tollan
Ann-Kristin Normann
Turid Hagen
Inger Brørs
Øivind Holm
Ove Alexander Dahl
Torunn Løken
A-skolen v/Baard Skjørholm
Hege Husby Talsnes



Skodespelarane i *Landet i eventyre*

08980

Andreas Gjermstad

Andreas er diktar, forteljar, songar, skodespelar og musikalartist frå Sparbu i Steinkjer kommune. Andreas sin Tevje i *Spelemann på taket* i Sparbu 1983/84 er legendarisk. Didrik Dale i *Medmenneske* og Jeppe er andre døme på store rolletolkingar. Sist såg vi han i *Den siste viking* i Rissa og som jøden Schultz i *Cabaret* av Sparbu Teaterlag. I 1986 fekk han Nord-Trøndelag Fylkeskommune sin kulturpris, og i 1994 vart han heidra med Kongens fortanestemedalje i gull. I år fylte Andreas 70 år!

Anitra Terese Eriksen

Anitra Eriksen er verdaling og har spelt Helga i *Spelet om Heilag Olav* tre gonger. Ho er kjent frå fleire teateroppsetjingar i Oslo og var tilknytt Nationaltheatret frå 1985 til 1996. I tillegg vil mange huske henne frå ulike TV-seriar, og kanskje spesielt frå serien *Vestavind*, der ho hadde rolla som Unni. Anitra har vore innom mykje av det vi har sett på TV dei siste åra, mellom anna Otto Jespersens program, TV-seriar, spelefilmar og teaterleiker. Ho har og jobba mykje med dubbing av teiknefilmar, og er autorisert av Walt Disney Productions som Norge si Minni Mus! No sist såg vi henne som mora til guten i *Onkel Oskars sauost*.

Tore Berntzen Granås

Tore B. Granås er frå Verdal og har vore med i *Spelet om Heilag Olav* dei tre siste åra. I 1999 og 2000 hadde han rolla som Jostein Torgeirsson, eldste sonen på garden Sul. No sist spela han Finn Arnesson. Han har det siste året vore i Oslo og spela Balthasar i *Romeo og Julie* ved Det Norske Teater. Tore har hatt fleire roller ved Nord-Trøndelag Teater, både som tekniskar og skodespelar, og mange vil hugse han som bøddelen i Hans Rotmos *Kjetil Stalldreng på Ringsaker*.




Ragnhild Vannebo

Ragnhild Vannebo har vore på Stiklestad og Nord-Trøndelag Teater i mange år som skodespelar og instruktør (1983-1997). Dei siste to åra har ho hatt rolla som Grima i *Spelet om Heilag Olav*. Ho er frå Namdalen og gjekk ut frå statens teaterhøgskule i 1967. Ho er og lærarutdanna med hovudfag i nordisk frå universitetet i Trondheim i 1996. Ragnhild er garva Duun-tolkar og har arbeidd med fleire av hans verk, både som instruktør og skodespelar, t.d. monologen *Lea på stranda*. I dei seinare åra har ho laga ei rekke opplesingsprogram i samarbeid med musikarar og biletkunstnarar. Ho er no tilsett som førstelektor i drama ved Høgskulen i Volda.

Espen Søreng (13) og Maja Kirkholt Myhre (13) (Forsidefoto).

Trine Walberg Vingsnes (12) og Tore Roksvåg (13). (Baksidefoto).

Alle barna er frå Verdal.





Depotbiblioteket



03sd 08 980



Nord-Trøndelag Teater